



MØTEBOK

Høyringsbrev NOU 2007:12 - Offentlig innkreving.

Utval sak	Utval	Møtedato
048/08	Formannskapet	21.05.08

Vedlegg:

Høyringsbrev av 20 februar 2008 frå Fornyings- og administrasjonsdepartement.
Brev av 18 april 2008 frå Kommunenes Sentralforbund.

Samandrag:

Det kan sjå ut som om utgreiing og konklusjonar i denne saka er om lag dei same som ved utgreiing av NOU 2004: 12.

Det er her spørsmål om kommunane skal ha innverknad på innfordring av eigne inntekter. Vidare er det spørsmål om regionalisering av oppgåvene med innfordring av skattar og andre krav. Dette vil føra til færre arbeidsplassar i distriktsnorge. Omlegginga vil og ta bort verdfull kompetanse frå kommunane, og vil truleg føra til store kostnader, utan at det er dokumentert noko betre innkrevjing, kanskje snarare tvert imot.

Fitjar kommune vil gå imot den forslåtte omlegginga.

Saksopplysningar:

Kva krav vert omfatta av utgreiinga?

Offentlegrettslege og privatrettslege krav som tilkjem stat og kommune, der fleirtalet foreslår at krav som ikkje er betalte etter første puring skal overførast til den nye innfordringsetaten.

Øvrige kommunale (eller fylkeskommunale) krav er ikkje foreslått lagt til den nye etaten.

Drøfting:

Kommunale og lokale tilhøve:

Kommunen vil ikkje ha nokon gevinst med at staten overtek inndrivinga av skatt.

Skattebetalarane vil ikkje ha nokon i lokalmiljøet til å samtala med når det gjeld eigne skattar, og innbetaling av desse.

Skatteoppkrevjaren er ein viktig bidragsytar med kompetanse, særleg på innkrevjing av uteståande krav i kommunen. Skatteoppkrevjaren bidrar også til eit større kompetansemiljø, og dermed til å oppretthalde eit fleirfagleg miljø, i den kommunale administrasjonen. Dette er ein av hovudutfordringane for mindre kommunar framover. Det er og dokumentert at dagens betalingsordning fungerer godt.

Høg innkrevjingsprosent / gode resultat.

Norsk skatteoppkreving er i verdstoppen. Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevja inn mellom 99% og 100% av all utlikna skatt. Små kommunar har like gode resultat som store kommunar. Dette skuldast at skatteoppkrevjing i det grunnleggjande dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skatteytar. Effekten av ei overføring til staten er ikkje utgreidd, og det er vanskeleg å kunne argumentera for at det er noko å tena på ei slik overføring.

God rettstryggleik.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga medfører god rettstryggleik for skatteytar, mellom anna ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetjing av skatt (likning) som ein statleg funksjon og på den andre sida innkrevjing av skatten som ein kommunal funksjon.

Personvern og stigmatisering.

Utvalet foreslår at alle krav som ikkje er betalt etter første purring skal overførast til eit felles register i den nye etaten. Den føreslegne statlege innfordringsetaten får eit sentralt gjeldsregister med oversikt over samtlege skuldnarar med ubetalte krav til det offentlege. Fleirtalet har ikkje sikra ei grundig utgreiing av dei personvernsmessige problemstillingane, eller om eit slikt register krev særskilt lovheimel.

Eit slikt register vil kunna oppfattast som stigmatiserande. Såleis meiner 39 % av befolkninga at opplysningar om betalingsevne er følsomme.

God brukarservice.

Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkreivjarkontora utøver god brukarservice. Dei kommunale skatteoppkreivjarkontora har til no scora betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjenge, kundebehandling, saksbehandlingstid og informasjon i saksbehandlinga. Eventuell statleggjering og sentralisering av skatteinnkrevjinga vil såleis føra til dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa.

Kommunalt økonomisk sjølvstyre.

Det at kommunen framleis har ansvar for skatteinnkrevjinga bidrar til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyret. Det er avgjerande for et levedyktig, lokalt demokrati å kunne ha innverknad på eige inntektsgrunnlag, og det skal vera ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på lokale, offentlege budsjett. Dersom ansvaret for innkrevjing vert overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunane dermed fell bort, reduserer ein kommunane sine moglegheit for å kunne påverke eigne inntekter, og framtidige inntektsreformer vil bli vanskeleggjort.

Folkevalt kontroll og innsyn.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga gir grunnlag for folkevalg innsyn og kontroll – mellom anna gjennom dei allereie etablerte skatteutvala. Eventuell statleggjering og sentralisering vil medføre et "ugjennomsiktig" system med store, statlege sektorkontor – og redusert høve for folkevalg innsyn.

Effektiv drift og ressursbruk p.g.a. synergieffekter.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga gir effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkreiving kan gjennomførast i det same miljø som ivaretar kommunen si innkrevjing av kommunale avgifter og kommunal fakturering. Dermed blir det også mogeleg å oppretthalde levedyktige innkrevingsmiljø i dei små kommunene.

Distriktpolitiske omsyn.

Kommunalt ansvar for skatteinnkreivingen har positive distriktpolitiske konsekvenser. Dagens desentraliserte lokalisering førar med seg at det vert oppretthalde innkrevingsmiljø og arbeidsplassar i utkantstrøk og at lokalt næringsliv har kort veg til ein av sine viktigaste, offentlege samarbeidspartnarar. En eventuell statleggjering vil medføre sentralisering og ein reduksjon av talet på kontor vil gå ned til ¼ av i dag, noko som vil ha negativ distriktpolitisk konsekvens.

Eventuell statleggjering vil medføre betydelig overgangskostnader.

Statleggjering av skatteoppkreiving vil medføre store overgangskostnader. Det skal skipast nye kontor med etablerings-, drifts- og planleggingskostnader. Innsparing på

kommunal side ved å fjerne få tilsette, gjerne deltidsstillingar, i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap med dei andre i kommuneadministrasjon, blir små. Tilsetjing, opplæring og kompetanse for nye skatteoppkrevere vil bli ein stor utfordring. Statleggjering av skatteinnkrevjinga kan medføre provenytap over fleire år.

Konsekvensane er ikkje tilstrekkeleg utgreidde.

Spørsmål om korleis ei eventuell statleggjering skal skje - mellom anna om dette vil kunne gjennomførast som ei "verksemdsoverdraging" er i det heile ikkje nemnt i utgreiinga.

Konklusjon:

Dagens ordning for innkrevjing av offentlege krav fungerer godt, og det er ikkje dokumentert at føremonene med ei samordning er større enn dei negative sidene av denne. Det er såleis ynskjeleg at noverande ordning består.

Ei statliggjering av innkrevinga vil kunna medføre følgjande:

Sterk sentralisering

Provenytap både for stat og kommunar

Innkrevjingsmiljøa i kommunane vert svekka

Brot i verdikjeda som fører til dårlegare brukarorientering

Kommunale oppgåver vert overført til staten, og kommunane vert sitjande med kostnadene

Kommunalt sjølvstyre vert redusert

Betydelege overgangskostnader

Det er uhelding med ei ny vurdering av samme forhold kvart 3 – 4 år. Det er ikkje mogleg å planleggja langsiktig med ein slik kort horisont. Såleis bør den konklusjon ein no kjem fram til liggja fast i ein lengre periode.

Framlegg til tilråding:

Fitjar kommune ber Stortinget vidareføra dagens ordning med kommunal inndrivning av skattar og avgifter.

Dagens ordning fungerer godt, og bidreg til å oppretthalde ein god folkevald kontroll med innkrevinga og effektiv innkreving som gir synergier til øvrig kommunal verksemd.

Sentralisering av ordninga vil medføra overføring av arbeidsplassar og kompetanse frå distrikt til sentrale strøk, som går på kostnad av arbeids- og kompetansmiljø i kommunane.

Overføring av ordninga vil medføra monalege overgangskostnader, som burde kunna nyttast alternativt til å utvikla dagens funksjon i kommunane.

Fitjar kommune kan ikkje sjå at det er utgreidd korleis ei statleggjering skal skje, og kven som skal dekke meirkostnadene som vil påløpa for kommunane.

Ein føreset såleis at desse kostnadene blir kompensert fullt ut for kommunane.

Fitjar kommune vil elles slutta seg til Kommunenes Sentralforbund sine synspunkt i saka.

Kommunen føreset at den konklusjonen ein no kjem fram til vil liggja fast i ein lengre periode.

Behandling i Formannskapet 21.05.2008:

Vedtak i Formannskapet 21.05.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Tørnes
Rådmann